



Årsmelding - Keipen Turlag 2019

Org. nr: 911830477

Styret har i 2019 vore samansett slik:

Leiar : Kirsten Grotle
Nestleiar : Sverre Petter Kjerpeset
Kasserar : Gabriel Ossenkamp
Sekretær: : Sølvi Joensen
Styremedlem : Steinar Isene
Styremedlem : Per Arne Sæterlid
Styremedlem : Liv Sigdestad Brekke
Styremedlem : Kari Songedal - Barnas Turlag
Varamedlem : Espen Sortevik
Varamedlem : Johnny Røys

Barnas Turlag Indre:

Leiar : Stine Mari Solheim

Barnas Turlag Ytre:

Leiar : Kari Songedal
På tilkalling : Ann Helen Fosse Igland
På tilkalling : Cato Edvardsen

Barnas Turlag Davik/Ålfoten:

Leiar : Evy Dombestein
Styremedlem : Mildrid - Annette Indredavik
Styremedlem : Kristin Vik Sparvath

Revisorar : Kåre Myklebust og Bjørg Didriksen

Valnemnd : Magnhild Myklebust og Linda Stenseth

Turleiarar:

Arne Loftheim, Svelgen turleiar 2010
Inger Lise Langedal, Svelgen turleiar 2010
Kjell Morten Langedal, Svelgen turleiar 2010
Steinar Isene, Svelgen turleiar 2011

Rob Deckers, Davik	turleiar 2012	
Svenn Petter Kjerpeset, Svelgen	turleiar 2014	sommarturleiar 2015
Alice Torvanger, Bremanger	turleiar 2015	
Per Arne Sæterlid, Svelgen	turleiar 2016	
Mildrid-Annette Indredavik, Davik	turleiar 2016	
Jannike Brenden Frøyen, Kalvåg	turleiar 2017	

Medlemmar:

Vi har diverre opplevt ein stor tilbakegang i tal medlemmar.

	2018	2019
Familie hovud	30	24
Hovedmedlem	77	61
Ungdom	5	6
Honnør	32	30
Livsvarig	1	1
Barn	20	13
Skuleungdom	5	6
Husstandsmedlem	29	20
Familie hustand	104	88
Total	303	249

Heidersmedlem: Oddmund Leirvik

Møte:

Vi har gjennomført årsmøte, 6 styremøte og handsama 36 saker. Møtelokale låner vi på Kolset Oppvekst. Saker vi har jobba med er m.a. gjennomføring av planlagde aktivitetar, administrasjon med rapportering og søknader, friluftsmoro i Berledalen, dugnad ved reising av Vetehytta, samarbeid med grendalaget i Dalen om planlegging og oppstartarbeid av Draumeplassen, kartlegging av friluftsområde og kulturminne, dugnad og arrangement på hyttene, fellesturar, fjelltrimmar og .

Andre møter:

- Møte mellom grunneigarar på Grotle, kultursjef, teknisk etat, Veteløpet og turlaget om hytta på Veten; leiar
- Årsmøte til SFT på Skei; Kirsten og Steinar
- Evalueringsmøte etter årets tursesong og planleggjing av fellesturar 2020; turleiarar
- Førstehjelpskurs for turleiarar, v/Arne Rebni
- Barnas Turlag har hatt 3 fellesmøte; ang drift/turplanleggjing og KDU
- Møte med Veteløpet/BIL ang framtidig samarbeid om tilsyn/vedlikehald av dagsturhytte på Veten; leiar
- Registrering av Friluftsområde, Gabriel og Kirsten
- Møte med Berle grendalag ang. Olavsbu, leiar
- Møte med Bremanger Frivillegsentral, leiar

Dugnad:

Styremøte og anna administrativt arbeid	467
Feltarbeid (vedlikehald hytte, traséval, stimerking,)	265
Turleiing	320
Anna	258
Sum dugnad	1310

Merking av stiar:

Det er kjøpt inn og bore på plass blå merkepinnar til bruk i Moldahytte-området.

Gjegnen: Vidare arbeid med merking til Gjegnen må vente til vi har fått tilgang til å køyre anleggsvegen til Bjørndalsvatnet.

Vetvika: Det har ikkje vore arbeidd med denne i år. Raudmalte merkepinnar er frakta med båt til Vetvika.

Hornelen: Vi ventar på avtale med den siste grunneigaren. Bremanger kommune arbeider med saka. Det har vore sett opp «Ver-varsam»- skilt ved turstart Hunskår og Berleneset. Raude T- ar er oppattmålt stykkevis på Hunskårstien.

Samarbeid:

Hornelen kystlag, Svelgen og Bremanger Røde Kors, grunneigarar i Berle og Svelgen jeger og fisk, Hornelen kystlag; Friluftsmoro i Berledalen

SFE: Bruk av helikopter ved transport av komfyr og solcelleutstyr til Knekkevasshytta

STIF: Moldahytta og Molda opp.

Ålfotbreen landskapsvernområde: Merking T- tur til Gjegnen (pause i arbeidet)

Bremanger kommune/Fylkeskommunen og Vettenløpet: Dagsturhytte på Vetten

Økonomisk samarbeid: Vi har avtale om 20 % rabatt på kjøp av klær og sko til ordinær pris ved Sports Måløy/Deknepollen.

Fellesturar – 2019:

Dato :	Tur / Stad	Deltakarar		
		Born	Ungdom	Vaksne
01.12	BT julemesse Svelgen			
16.12	BT Nissemarsj Davik	24	2	15
03.02	BT KDU vinter	54	8	48
20.01.	Opa Moldahytte – måneskinskveld			10
10.03.	Trugetur til Gaubåsegga			1
02.04	Tongane			2
08.04	Skaravatnet			4
14.04.	Opa Moldahytte	7		22
14.04.	KKK – Kårnyken, Klakegga og Kvassegga			6
15.04	Skipperdalen	1		16
28.04.	Ulveskaret – Tungedalen		avlyst	

29.04	Førdsdalen Ålfoten			6
01.05.	Keipen – Plogen			
05.05.	Opa Knekkevasshytte	5		14
05.05.	Gjegnen		avlyst	
06.05	Diktarstien Botnane			7
08.05.	Opptur		37	8
25.-26.05.	BT Friluftsmoro i Berledalen	32	3	19
26.05.	Risesætra, Fagredalen, Trollefjellet			7
02.06.	Blånipa/Smylmedalsegga - fjellet mellom Hyen og Naustdal		avlyst	
09.06.	Vetvika - via Krypen		avlyst	
12.06.	BT Turbo tur	6	1	3
16.06.	Vingekvarven			9
22.-23.06.	Solnedgang - soloppgang		avlyst	
30.06.	Kvasshornet		avlyst	
14.07.	Hornelen			10
11.08.	Hjelmen		avlyst	
18.08.	Ålfotbreen		avlyst	
25.08.	Rikeloftet		avlyst	
31.08.	BT KDU haust – hjortegarden i Ålfoten	57	4	42
15.09.	Nesje - Dosavarden - Skorsteinen - Fanneskarvarden - Ånnevik		avlyst	
06.10.	KDU haust - Opa Knekkevasshytte			9
	Barnas Turlag Trilletterer (4 arr.)	13		13
2019	Barnas Turlag – diverse arrangement	210	19	165
	Samla tal: 595	229	57	309

ÅRSMELDING BARNAS TURLAG KEIPEN 2019

Året har vore prega av at vi er få aktive leiarar, og det har derfor ikkje blitt så mange turar som vi ønskjer i år. Likevel har vi klart å gjennomføre eit variert turprogram der vi når mange ulike grupper. Vi var med på Julemesse i Svelgen, har gått Nissemarsj i Langedalen, har arrangert 2 Kom Deg Ut - dagar, har vore på vårtur i Kvidalen, og på Brølehjortsafari i Dalen, og arrangert friluftshelg i Berledalen. I tillegg har vi i samarbeid med Dalen grendalag, Bremanger Idrettslag og Dalen Grunneigarlag vore med i planleggingsprosessen til oppstarten av Naturmøteplassen ved Dalheim. Dette er ein del av prosjektet Draumeplassen i regi av 4H, og vi var så heldige å vinne 100 000 kr til prosjektet. Heile prosjektet er kostnadsrekna til 753 000, dugnadsarbeid medrekna. Barnas Turlag er ikkje økonomisk ansvarleg for noko, men vi er med på å søkje inn midlar, og kan bruke anlegget til våre turar.

Turbotrim: Vi har og arrangert Turbo-trim der 9 ungar leverte fulle klippekort.

Aktivitet for ungdommen:

OPPTUR: Å vere med på den nasjonale turdagen 8. mai, for ungdom, kan vere ein skikkeleg opptur. For ein flott ungdomsflokk frå heile kommuna vi hadde med på tur denne dagen.

I år låg snøen heilt i fjæresteinane i ytre del av kommuna og tanken var klart inne på å avlyse. Men, i ei vidstrakt kommune som vår, var det berre å ta seg ein tur under Skatestraumen og så kom vi opp til tørre vegar og ein dag som vart solrik og varm.

Etter litt orientering og utdeling av Oldenvatn og buffar gjekk vi i lang, lang rekke opp trappa ved Sjørdalsdemninga. Sjølv om stien tidvis var litt våt og glatt, gjekk oppturen mot Knekkevasshytta fint. Stopp undervegs nytta Per Arne til å dele kunnskap om det fantastiske landskapet vi flytta oss i og vi vil tru at mange gjekk klokare heim igjen både innan faget geologi og seinare industrihistoria som vi fekk presentert av Magne framme på hytta.

Turen oppover tok ein time og då var det godt å komme fram til ei oppvarma hytte. Sjeldan har så mange vore samla på ein gong i hytta; 37 elevar og 8 voksne fylte stovene. Nistene vart fortærte og eit lite lotteri vart gjennomført. Denne gongen var det Erika frå Hauge Oppvekst som stakk av med hovudpremien; SFT sin BaseCamp på Værlandet.

Gode hjelparar i form av lærarar frå dei tre skulane Davik, Hauge og Svelgen Oppvekst er kjempeviktige å ha med på laget.

Fjelltrimmen:

Desse har flest poeng samla Fjelltrimmen Indre 2018/2019:

1. Liv Sigdestad Brekke 760 poeng
2. John Myklebust 546 poeng
3. Bjørg Håøy og Tiko 497 poeng

Post:	Tal besøk 2018:	Tal besøk 2019:	Post:	Tal besøk 2018:	Tal besøk 2019:
Risevatnet 3,5 km	3094	2503	Ivervatn	260	369
Risevatnet - Vasskaret	543	391	Knekkevasshytta	451	223
Moldahytta	2225	1958	Jakthytta Ytrehus	488	279
Martinbu/Sandsegga	1245	1338	Gulebrystet	328	325
Omvendeskaret	146	61	Samla besøk:	8780	7447

Sju personar hadde besøkt alle postane. Liv Sigdestad Brekke vart trekt ut som vinnar av 500 kr.

Turorientering: Turorientering vart starta i Svelgen i 1976 av Svelgen Turn og Idrettsforening. Keipen turlag overtok i 2007. Turorienteringa i år har gått på disse plassene i år.

Klatreparken - Ospeneset, Sande (Bamsebu) - Utsikt (Langemyra), Myklebustdalen (Skjeringa) - Kvarven og Bortne - Skorabovatnet.

I år hadde vi ein liten oppgang i tal innleverte kort. 27 personer, her ein under 8 år, som fullførte turorienteringa til gullmerke. Vi gratulerer alle.

Signe Lise Bjørkedal, Alvrund Førde, Oddvar Førde og Egil Svarstad vert premierte med 5 års – bronseplankett.

Liv Sigdestad Brekke og Sissel Sandvik Igland oppnådde 10 års – Sølvplankett.

Turboktrimmen 2019:

Årets turmål: Dosabu, Utsikt Vetvika, Galsnipa, Nonsnakken, Bortnedalen, Skudalsnipa, Hotell Gråstein, Eikelandsknoltren, Huaren og Varden mot Bukkenibba

Sesong 1. mai – 30. september. Det vart levert 44 ferdige kort og 17 personar har fullført turboktrimmen alle år.

Vintertrim 2018/2019:

Vintertrimkort vart selde på 4 matvareforretningar i Svelgen, Davik, Bremanger, Kalvåg. Vi selde 51 kort og innlevert 36. Turmåla var: Aridalen, Ulveskaret, Rylandshornet, Klubbesætra, Endalsvatnet, Diktarstien i Botnane, Høgefjellet, Dolsen, Sætrane ved Dalsete og Risesætra,

Premie for vintertrimmen 2018/19 er «Keipen Turlag - drikkeflaske»

Hytter:

Knekkevasshytta; eigd av Svelgen Kraft AS/SFE og drifta av KT. Hytta er DNT ubetjent hytte, DNT - lås og besøksprotokoll. 12 senger. Opa hytte i mai og oktober og mål for Opptur/ 8. klassingane i mai. Det er registrert aukande tal overnattingar. I år har vi fått på plass ny gasskomfyr og med eit stort dugnadsarbeid av Jarle og Steinar er solcelle montert med lyspunkt i alle rom. Det har óg vore ein dugnadssøndag med rydding i kjellaren, montering av rullegardiner i 2. etasje, handtre i trappa og tørkestativ i stova. Tilsyn: Steinar Isene

Martinbu; Den godt besøkt dagsturhytta/rastebua til KT på Sandsegga er i vinter eit av turmåla til vintertrimmen. Liv Sigdestad Brekke har tilsyn med hytta og pyntar gjennom året.

Moldahytta; eigd av STIF og drifta av KT. Hytta har vore brukt av Svelgen skule til overnattingar i samband medtur i området. STIF brukte hytta ved Molda opp. Døra inn til gangen er open og der finn vi dei ulike turbøkene. Det er ordna med nøkkelboks med kode til innvendig dør i hytta. Nødvendig ettersyn og m.a. rensking av brønn er utført av tilsyn Karstein Løvset. Oddmund har reparerte omnen på kjøkkenet.

Vetehytta; Bremanger kommune si dagsturhytte vart offisielt opna 13. juli. KT er i samtale med kommune om å tilsyn i samarbeid med Vetendløpet/BIL.

Vertskap på hyttene: Sissel Igland, Anne Karin Vårdal, Audhild Vistnes, Jorunn Styve, Liv Sigdestad Brekke og Kirsten Grotle. Vertskapet har arrangert ope hus på Moldahytta og Knekkevasshytta i tillegg til dugnad på sistnemnde.

Presse:

Bremanger turistinformasjon er flinke til å minne om aktivitetane våre. Vi har hatt omtale i lokalavisene.

Heimeside: keipen.dnt.no – drifta av Kirsten Grotle

Kommunikasjon:

Heimeside: keipen.dnt.no

E - post: keipenturlag@gmail.com

Facebook; Barnas Turlag Keipen, Turboktrimmen og Vintertrimmen og Keipen Turlag